



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Terje Natland, 5557 2168

Vår dato  
05.04.2016  
Dykkar dato

Vår referanse  
2016/4434 421.53  
Dykkar referanse

Per Atle Sæle  
Sagstad vegen 165  
5918 FREKHAUG

### Tilsagn om tilskot - Meland - Tilskot til vegbygging - Bygging av snuhammar og velteplass - Per Atle Sæle

Viser til Dykkar søknad om tilskot til Sagstad snu- og velteplass klasse 4 datert 16/2 2016.

**Vedtak:** Fylkesmannen gjev med dette tilsegn om inntil kr 28.000,- til anlegget.

Tilskotet vert gjeve med inntil 40 % av godkjente kostnader.

Veglaget har oppgjeve ein kostnad for vegen på kr. 70.000.- dette gjev ein meterpris på kr 1.000.- Dette er innanfor vanleg kostnad i fylket. Veganlegget er sett opp med 100 % skogdel.

Fylkesmannen godkjenner ein vegkostnad på inntil kr 1.000.- for dette anlegget som gjev grunnlag for eit tilskotsgrunnlag på kr 28.000.-

Løyving: 40 % av kr 70.000,- = Kr 28.000,-  
Løyvinga står ved lag i 3 år, fram til 1. 4 2019

#### ***Vi gjør merksam på at:***

- Tilskotet vert gjeve med inntil 40 % av godkjente kostnader.
- Veglagsformann er ansvarleg for at innhaldet i løyvingsskrivet blir gjort kjent for deltakarane i veglaget
- Veglagsformann er ansvarleg for at det vert ført rekneskap for vegarbeidet, sjå rekneskapsinstruks på skjema for rekneskapssamdrag.
- Deler av tilskotet kan betalast ut etter kvart som arbeidet med vegen skrid fram
- Siste 10% av løyvinga vert ikkje betalt ut før veganlegget er ferdig godkjent
- Sluttutbetaling vert gjort etter at vegen er endeleg godkjent, og rekneskapen er revidert på foreskreven vis.
- Veglagsformannen er ansvarleg for at vegen vert bygd etter dei krav som er sett til den vegklassen det er gjeve løyve og tilskot til.
- Veglagsformannen pliktar å sjå til at vegen vert vedlikehalden til den standard den opphavleg vart bygd i.
- Det vert vist til: "Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i landbruket" §5 "Tilskudd til veibygging".

- Og til: «Retningsliner for tilskot til skogsvegbygging og drift med taubane, hest o.a. i Hordaland» fastsett av fylkesmannen i Hordaland, landbruksavdelinga gjeldane frå 1. februar 2016.
- Fylkesmannen viser til Skoglova og rundskriv til denne om skogeigar si plikt til å forynge skog etter hogst.

**Vilkår:**

- Finn andre at dei kan nytta vegen til skogsdrift, skal dei ha rett til det, anten ved å kjøpa seg inn i vegen, eller betala leige.
- Skogareal som vert hogd blir planta til igjen slik at det vert drive eit utholdande skogbruk i området.

*Dette vedtaket kan påklagast, sjå forvaltningslova § 27 tredje ledd. Eventuell klage vert å senda FMLA seinast 3-tre-veker etter at dette brevet er motteke.*

Med helsing

Dirk Kohlmann  
Ass. landbruksdirektør

Terje Natland  
fylkesskogmeister

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

Kopi til:  
Meland kommune Postboks 79 5906 Frekhaug